



Erlend Nævdal
Nedre Alver 17
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1214 - 17/13208

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Førebels svar på søknad om tilbygg m.m. - gbnr 137/320 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.04.2017. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi har følgjande merknader:

Tiltaket stettar ikkje krava til tiltak utan ansvar, jf plan- og bygningslova § 20-4.

Kommunen vurderer at tiltaket sitt omfang er for omfattande til at tiltaket fell inn under bestemmelsane i pbl § 20-4. Delar av tiltaket isolert sett, som etablering av tilbygget, vil kunne handsamast i tråd med vilkåra i pbl § 20-4, medan tiltaket totalt sett der ein også får omfattande fasadeendringar og innvendig arbeid som berører bærande konstruksjonar vil krevja bruk av ansvarlege føretak.

Det må erklærast ansvarsrett for alle ansvarsområde i tiltaket. Dette gjeld både ansvaret som søkjar, prosjekterande og utførande. Vi gjer merksam på at det er mogleg å søkja om personleg ansvar som sjølvbyggjar for tiltak på eigen bustad, jf sakshandsamingsforskrifta SAK 10 § 6.8.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Catherine Elizabeth Anders

Nedre Alver 17

5911

ALVERSUND

Erlend Nævdal

Nedre Alver 17

5911

ALVERSUND